



Nytt fra

normisjon

Sogn og Fjordane

Nr. 2-2019
19. årgang
www.normisjon.no



Helt avgjørende i denne sammenhengen er det å forstå at det er Guds ord, Evangeliet, som i seg selv har kraften til å gi mennesker et nytt liv!



Jesper
Lemming
8

2



FOTO: RUNETØSSE

Sommarteamet møttest på Fjordly i påska og begynte planlegginga av leirsommaren.

Nye leireventyr!

Sommarteamet er godt i gang med å førebu Acta-leirane i sommar. Fem flotte og kjekke ungdommar er tilsette for å leie leirane saman med Acta-leiar.

4

Årsmøte med sterk satsing

Årsmøtet for Normisjon og Acta Sogn og Fjordane 27. april hadde fokus på utvikling av nye fellesskap, styrking av lag og foreiningar og nytt tilbod for ungdom.

UTLAND

5



FOTO: EMILIE LOMVÅS WANG

Velsignet for å velsigne

Bijoj Munmu (25) fullfører det siste året sitt på en bachelorgrad i allmennfag i Dinajpur. En stipendordning gjennom Normisjon har gjort det mulig.

NORGE

7

«Mini» jubileumskonsert

Storsalens minikor feirer 50 år i høst og feirer med storstilt jubileumskonsert i september.



Ola Didrik Saugstad
Kampen om oksygenet

Mitt engasjement for de minste

Ny biografi om kampen for medisinske sannheter og kristen tro!»

349,-

Bøkene kjøper du i din lokale bokhandel

NYHET!

DIETRICH
BONHOEFFER



Dietrich Bonhoeffer
Etterfølgelse

En av de viktigste og mest siterte bøker om disippellivet.

249,-

eller på www.lundeforlag.no



SOGN OG FJORDANE



SUNNFJORD
FOLKEHØGSKULE

Fruktkorger til påske

Sunnfjord Folkehøgskule har ein mangeårig tradisjon for å levere fruktkorger til bedrifter før påske. Så også i år. Inntektene går til skulen sitt solidaritetsarbeid på Kamam Folk High School på Sri Lanka.

Om lag ei veke før påske var elevane ute hos bedriftene i Førde og tok opp bestillingar på fruktkorga. Den inneheld om lag fire kilo frukt og litt sjokolade, pent pakka inn i cellofan. Mange bedrifter synest det er fint å tilby kundane og tilsette ei lita oppmuntring i påsketidene. Dei synes også at det er fint å støtte elevane sitt solidaritetsarbeid, som gir fattige ungdommar på Sri Lanka moglegheit for kome saman til fredsbyggande fellesskap etter 30 år med borgarkrig. Mange av elevane har også fått høve til å besøke skulen dette skuleåret, og sjå kor mykje den betyr for desse ungdommane.

Elevane brukte ein dag på å gå ut og ta opp bestillingar, og det gjekk ein dag til pakking og levering av korgene. Aksjonen selde om lag 140 korger, og vi håpar at ryktet om fruktkorgene spreier seg slik at vi kan selje endå fleire neste påske!



Mykje arbeid lagt ned for å gjere ein skilnad på Sri Lanka.



NORDFJORD
FOLKEHØGSKULE

Årets turjente

Det er mange bloggar der ute som ikkje gir folk anna enn tilbod om sminke og meir eller mindre veloverveide kosthaldsråd.

OG så finst det slike som inspirerer til herleg friluftsliv og gleder over naturen. Turjenter.no er ein slik blogg. Den har vokse veldig, og har dei siste åra hatt kåring av Årets turjente.

Og i år bur vinnaren på Nordfjord folkehøgskule!

Guro Krempig kjem frå Alta, og har vokse opp på Alta folkehøgskule. Ho og familien har vore veldig mykje på tur, og mange vil kjenne henne frå TV-serien om Villmarksbarna. Men ho har også vore mykje på tur i eigen regi og har mange spennande eventyr bak seg allereie.

Vi gratulerer Guro med 12 000 stemmer i denne kåringa, - og er ganske fornøgd med at ho også blir andreårslev hos oss neste skuleår.



Nordfjord-elev, Guro Krempig, er kåra til årets turjente!

Sommarleirar på Teigen og Fjordly gir flotte og viktige opplevingar for mange barn, unge og vaksne. Og kvart år er det nokon som står på ekstra for at det skal vere mogleg å arrangere desse leirane.

Gir Jesus vidare til barn og unge

Tekst Maria Dalsbø Tøsse

Foto Rune Tøsse

I år var det ni gode søkjarar til sommarteam, og dermed eit noko vanskeleg luksusproblem sidan ein dessverre ikkje kan gi alle sommarjobb. Her skal vi bli betre kjend med gjengen som er tilsett som årets sommarteam.

Kristin

Vi startar med Kristin Bjarnastein Skaaland, 26 år og busett med sin mann i Oslo. Ho er for tida student og held på med ein master i utdanningsvitenskap. Kristin seier ho er ei enkel sjel som trivst aller best når ho får vere ute, med hengekøye, bål og triveleg selskap. Kristin har vore heile seks år på sommarteam, og kjenner godt til kva det vil seie å sove lite, le til krampen tek ein, kle seg ut, bade, sparke fotball i gjørma og gje alt ein kan for at leir skal vere ein god plass å vere. Kristin er oppteken av tull og fjas, men og dei viktige, gode samtalene om viktige tema.

Ho fortel vidare: - Mest av alt gler eg meg til å sjå Jesus virke i barn og unge sine liv - og i liva til oss i teamet! For meg er Jesus ein trufast venn, forsvarar og ei trygg forankring i eit ofte utfordrande liv. Jesus er forbildet og vegvisaren når eg vaklar. Jesus betyr at eg kan søke Gud med frimod. Å få vere med å dele Jesus med barn og unge, må jo

vere det mest meningsfulle arbeidet ein kan få vere med på!

Sverre

Sverre Knardal er årets nykomling. Han har vore på Fjordly ein gong før, på konfirmasjonsleir. Sverre er 19 år, kjem frå Volda og går for tida på Bibelskulen i Grimstad. Han er ein aktiv mann som likar å vere ute, spele fotball og er veldig glad i den gode samtalen. Sverre seier:

- Eg har valt å vere på team for å vekse meir som leiar, bli kjend med nye folk, og fordi eg har lyst til å inspirere ungdom og barn til å følge Jesus. Jesus betyr veldig mykje for meg, og det å følge han er spennande og livsgjevande. Det kan av og til vere utfordrande å vere kristen i dag, men det er så verdt det! Om det er på fotballbana, i musikken eller på skulen, så brenn eg for at fleire skal kome til tru på Jesus Kristus.

Frida

Frida er 18 år, og går andre året på dramalinja ved Firda vidaregåande. I tillegg dansar ho, går i bibelgruppe og er engasjert i Natur og Ungdom. Favorittfargen er varm gul og ho er veldig glad i pesto, bruktbuikkar og bøker!

Frida har nokre tankar om

utfordringane rundt det å vere kristen i dag: - Det er kanskje slik at folk vegrar seg for å stille spørsmål. Det ligg utruleg mange fordommar rundt det å vere kristen, som ikkje stemmer eller som er utdaterte, men kanskje viktigast av alt treng ei forklaring. Eg ønskjer at folk skal forstå kvifor eg trur på det eg trur på, men det trur eg er vanskeleg å fatte for ikkje-religiøse menneske i 2019. Nokre av dei beste samtalene eg har hatt har vore med dei vennane mine som våger å stille meg spørsmål om trua mi, og dei samtalene vil eg veldig gjerne ha fleire av!

Jenny

Jenny Leirgul er 18 år og bur på Vereide. Ho går i 2. klasse på idrettslinja på Firda vidaregåande. Ho har valt å vere på team denne sommaren fordi ho tykkjer leir er veldig kjekt, og ønskjer å vere med i leirarbeidet som ho har erfart betyr svært mykje for mange, og kan vere med å vise vegen til Jesus og peike på han: - Jesus for meg er ein god venn som er med uansett kva. Han er ei trygghet i kvardagen som gir meg verdi og mening uavhengig av mine prestasjonar. Eg trur ei utfordring med å vere kristen i dag kan vere fordommar som mange kristne

Teigenklubben

Eikefjord. Med oppstartsdato 14. mai ser Teigenklubben dagens lys. Eit tilbod for barn frå 4 til 12 år kvar 14. dag. Leiar for Acta-laget, Janne Steinhovden, gler seg til å komme i gang med klubben saman med teamet ho har samla. Her møtast vi for å treffe vener blant trygge vaksne, og lære om Jesus. Stian Stokkebekk skal halde andaktane på klubben. Vi på Teigen applauderer engasjementet, og gler oss til å ta i mot store og små annan-

kvar tysdag.

Frivillig på Teigen i sommar? Teigen er avhengige av dugnadsheltane våre, og de som ber, for både arrangementa og plassen vår. Tusen takk! I sommar har vi nokre veker vi ønskjer å tilby arbeidsferie. Det vil seie at du har tilbodet om å komme på Teigen ei veke utan kostnad, for å enten vere vertskap eller delta på ulikt arbeid. Send oss nokre ord på teigen@normisjon.no om du har lyst, eller ring 412 83 744.



Barn kan kome på leir og klubb, vaksne på arbeidsferie.



Frå venstre: Maria, Frida, Jenny, Kristin, Sverre og Anders. Dei gler seg til å ta imot barn, tenårings og vaksne på leir!

ikkje kjenner seg igjen i.

Jenny har vore særst mykje på Fjordly som deltakar og leiar, ho gler seg til å komme i gang med leirsesongen!

Anders

Anders Osdal er 19 år og kjem frå Selje. Han likar å springe på fjellet og spele fotball eller volleyball. I tillegg er han svært glad i å vere sosial med venner og gjere sprell. Anders seier: - Leir har vore ein viktig arena for meg gjennom barndommen, ved at eg har funne kristne venner nær der eg bur. Det kristne fellesskapet der har vore svært viktig for trua mi. Eg er på team



Jesus betyr veldig mykje for meg, og det å følge han er spennande og livsgjevande.

fordi eg ynskja å vere med på å gjere sommaren super for barn på leir. Eg vil òg vere med å dele evangeliet og mange bibelforteljingar til barn og unge. Gud, Jesus og Den Heilage Ande er utruleg viktig i livet mitt, og dei har utvikla meg på så mange forskjellige måtar. I dagens samfunn kan det vere utfordrande å vere kristen. Dette er fordi samfunnet har så stort fokus på at vi skal vere så hippe og kule. Når ein er kristen, er det lett at folk ser ned på deg, og tenkjer at du ikkje er kul i det heile. Derfor kan mange unge slite med trua, og møte mykje motgang på grunn av det. Dette har eg merka

sjølv, og eg har høyrte om fleire andre som har opplevd det same. Derfor er utrusting, apologetikk (trusforsvar) og styrking i trua viktig i leirarbeidet, meiner eg. Tema for leirane i sommar, «Våg meir», passar dermed kjempebra!

I tillegg vert fungerande Actaleiar Maria Dalsbø Tøsse med teamet på dei fleste leirane.

Vil du bli enda betre kjend med Jesus og denne flotte gjenngen? Bli med på leir! Det trengst også fleire leiarar i ulike aldrar. Meld deg gjerne som leiar!

Leirstøtte

Av ulike årsaker har ikkje alle råd til å sende barn på leir eller reise heile familien. Acta har i det høve eit leirstøttefond der ein kan søke om støtte til dekking av leiravgift. Meir informasjon om dette kan du få ved å kontakte Actaleiar i regionen: mdt@normisjon.no Midlane kan kun brukast til dette føremålet, så ikkje kvi dykk på å søkje om behovet er der.

Påskefeiring med noko attåt i Innvik

Mange deltakarar var på påskemøte i Innvik. Kurt Hjemdal forkynte, og Reidun Hjemdal kåserte m.a. om Lina Sandell. Kari-Laila og Ove Aksnes deltok med song og leing. I tillegg var det fleire av deltakarane som både song og spela, så vi var rikt velsigna med gode krefter. Kari Bergh, frå Innvik, hadde kunstutstilling. Hovudtemaet er Arons kledning og dei 12 steinane i 2. Mosebok,28. Kurt tala over denne teksten ein kveld, og Kari med familie var til stades då.

Holmely-nytt

På Holmely nærmer vi oss sommer og sommerhotell. Vi leier ut rom med oppredde senger inkl. frokost. Iflg bestillingene kommer gjestene fra hele verden også denne sommeren. Vi gleder oss til dette. Ta gjerne kontakt med oss dersom du kan tenke deg å være frivillig vertskap i sommer. Frivillige får gratis kost og losji.

Rune Langseth er fortsatt daglig leder i vikariat da Eva Langseth har forlenget permisjon ut 2019. Høstprogrammet er klart med mange interessante arrangementer. F. eks. kommer Rolf Kjøde og Geir Otto Holmås denne høsten. Hele høstprogrammet finnes på www.holmely.no Før sommeren kommer skikkelig i gang har vi i pinsehelga retreat for de under 50 ledet av Eva og Rune Langseth. 13. juni er det på nytt bønn- og lovsangskveld, og 3.-7. juli er det Keltisk retreat. God sommer fra oss på Holmely!

Kall til å forkynne Kristus

I mars fekk fleire av foreiningane besøk av fritidsforkynnar Lars S. Simonsen frå Karmøy. Frå 2011 har han vore rundt i regionen vår kvart år og forkynt, og det er mange som set stor pris på å få han som talar. Kva får ein pensjonist til å køyre hundrevis av mil og kome tilbake år etter år?

Lars fortel: - Gud har lagt på meg eit kall til å formidle Guds ord, og særleg forkynne Kristus. Dei første kristne var opptekne av å forkynne Kristus. Det som

han var for dei og hadde gjort for dei; det er vår budskap også. Det er meiningsfullt å komme til små plassar, til folk som ikkje så ofte får besøk. Enkeltpersonar er takksame for samtaler.

Han har ei sterk historie om korleis han vart frelst då han var 25 år: Han jobba på båt, og ein gong medan han slappa av litt då båten låg i hamn, hørde han ei stemme som ropte på han. Men der var ingen som hadde ropt. «Kor lenge skal far, mor og beste-

mor be for deg før du gjev deg over?» - var tanken som slo ned i han. «Viss eg kan få komme som eg er, så kjem eg», sa han, og tok imot Jesus der og då.

Seinare i livet la det seg til rette på underleg vis med at han fekk fri i vinterhalvåret frå jobben i Vegvesenet, slik at han kunne vere landsforkynnar i Indremisjonen om vinteren. Den delinga fekk han ha i mange år.

Vi er takksame for at Gud har òg leia han til vår region.



FOTO: EVEN SKOGLU

Regionen takkar Lars Sigmund for stor innsats!

Årsregnskapet for regionen 2018

På inntektssiden økte vi med kr 8 720 sammenlikna med fjoråret. Årsregnskapet endte med et underskudd på på - 83 638 kr.

Årsmøtet vedtok å dekke underskuddet ved å ta av eksisterende egenkapital. Vi jobber spesielt med å få ned kostnadene på administrasjonssiden og justere kostnader til forventede inntekter slik at 2019 kan gå i balanse.

Vi er takknemlige og ydmyke for støtten som er et viktig hjelpemiddel for å utføre oppdraget vårt.

Saman om oppdraget

På årsmøtet vart «Saman» lansert. Utgangspunktet for dette er at vi treng kvarandre. Når mengda tilsette vert færre og flokkane lokalt vert mindre, må vi ikkje miste kvarandre. Då må vi trekke saman og byggje ny lagkjensle. «Saman» er såleis eit felleskaps-byggjande verktøy for oppfølging, inspirasjon og retning. Alle foreningar og lag er inviterte med sine leiarar/styre, og det er både for Acta og Normisjon. Vi gjer det saman, og er difor naturleg å vere med på – om du er i Normisjon eller Acta lokalt. Formatet vil vere to timar på ein kveld med undervisning, samtale og refleksjon. Vi skal også ha tid til åndeleg felleskap gjennom song, bøn og forbøn. Eit av hovudspørsmåla vi kjem til å ha med oss er: Korleis kan vi drive lokalt arbeid som både er godt og utviklande å vere med i, samtidig som det mobiliserer til å nå fleire med evangeliet?

Oppstarten er tenkt til hausten (datoar: 11.09, 23.10 og 04.12) Men allereie 21. mai vert det ei samling på Eid, Betanien, kl 19.00. Velkommen inn i ei spennande reise – «Saman».

Stabssituasjonen

Her er det mye å glede seg over og være takknemlige for. Regionleder Jesper Lemming er tilbake i 80% og Svein Ottar går tilbake som ordinær styreleder. Staben er veldig takknemlig for innsatsen som vår kjære styreleder har lagt ned i en krevende tid, det har vært avgjørende. Vi takker også Bjørnar Aske som har vært leid inn for å ta seg av økonomien i regionleders fravær. Til slutt har vi den gledelige nyheten at Stian Stokkebekk har fått fast stilling i 70% som fellesskapsutvikler i Acta med Sunnfjord som det primære arbeidsområdet.

Vær gjerne med å be for staben og arbeidet som de står i.

Nordfjord Soulteens

Bryggja. 6.-8. september starter vi opp Nordfjord Soulteens på Fjordly. Dette er for deg som går i 10. klasse og oppover. Ei slik

helg vil bestå av mykje musikk, dans, kor, matlagning og mykje kjekt sosialt samvær.

Denne helga får vi med oss Solveig Husevåg som er tilsett i Acta barn og unge i Normisjon, og arbeider spesifikt inn mot Oslo Soul Children og Oslo Soul Teens. Ho er opphavleg frå Sandane. Solveig gler seg stort til å undervise dans og kor-bevegelsar denne helga, og ikkje minst til å møte alle tenåringane!

Meir informasjon kjem på nettsidene våre.



Oslo Soul Teens under Soul Children-festival i 2018.

Årsmøte med satsing

Regionårsmøtet 27. april bar preg av sterk satsing.

Barn og unge, misjon og fellesskapsbygging er hovudsatsingane til Normisjon. Siste året har regionen oppretta ei eiga stilling som fellesskapsutviklar i Acta med Førde som base. Stian Stokkebekk er tilsett i stillinga.

Frå før har Normisjon Vegard Tennebø som fellesskapsutviklar, og i 2018 kom det i gong ei storsatsing på Sandane under vignetten Møtepunkt B. I 2018 vart det arrangert eit nytt tilbod; Nordfjordsommar på Nordfjord Folkehøgskule. Nærare 200 deltok der frå heile landet. Framleis er leiararbeid på Fjordly og Teigen viktig arbeid; i 2018 deltok over 400 barn og unge på leirane.

På årsmøtet kom det også engasjerte synspunkt på ei større satsing på tilbod til ungdomar i vidaregåande skule-alder.

Ole Martin Rudstaden frå Normisjon heldt eit inspirerende



Olden Soul Children song under Soulchurch på årsmøtet i Innvik.

foredrag der han peika på nye sider ved formidling av den kristne bodskapen i vår tid.

Ny i regionstyret vart Elida Østergaard Bruland frå Førde. Elles i styret sit: Svein Ottar Sandal (styreleiar), Kari Rygg Leirgul, Liv Årdalsbakke Bruland, John Bjarne Geithus, Anne Karin Totland Gillesdal. Steinar

Saltbones vart valt til første vara.

Nye medlemmer i Acta-styret er Maria Fonn og Andreas Dalsbø. Rune Tøsse vart attvald som leiar. Frå før sit Anders Osdal og Jenny Leirgul i styret. Første vara er Frida Bjørnereim.

Økonomisk gjekk regionen med eit underskot på vel kr 80 000 i 2018, sjå også notis side 3.

Fjordlybasar: rekord

Laurdag 9. mars var det fullt hus og god stemning på Fjordly. Rundt 90 personar møtte opp på basar i strålende sol. Mana Sørgård spelte nokre nydeleg på piano og Barbro Silden talte om sanning. Allsong, mat, åresal og konkurransar var òg med på programmet. Det blei ny økonomisk rekord og Fjordly sat att med kr. 115 000 netto!

Vinnarar: Støvsugar: fam. Svein Tungevåg, Rokk: Helge Hafsås, Bestikksett: Jostein Barman, Dukke med kle: Ingrid

Emilie Hopland, Dabradio: Edil og Egil Kolltveit, Strikkapledd - G. Hoddevik: Astrid Husevåg, Romstasjon: Vilhelm Røyset, Nancygenser - S. Svoren: Egil Holvik, Hardangerbestikk, Coop Selje: Lars Solheim, Duk - H og Dysvik: Guri og Magne Hoddevik, 20 garnnøster: Marianne & Øyvind Ekornåsvåg, Invite stålgryste - Brunsvik Jernvare: Anna Marie & Geir S. Vatnamo, Babyteppe - H. Håvik: Berit Johanne Gloppestad, Hekla løpar - K. Brunsvik: Kari Brunsvik.



Nokre av dei som hygga seg på Fjordlybasar.



LEIAR

Jesper Lemming | regionleiar Normisjon Sogn og Fjordane

Trenger vi nye menigheter?

Har vi ikke nok felleskap og menigheter i Sogn og Fjordane? Er ikke løsningen på problemet å fornye og fylle det vi allerede har? I misjonsbefalingen gir Jesus oss oppdraget om å gjøre disipler av alle folkeslag. I Apostlenes gjerninger kan man lese om evangeliets framvekst som vokste seg inn i alle samfunnsområder. En slik utvikling er ikke mulig uten at menigheter og felleskap ble plantet og multiplisert. Øvind Ugland, pastor og grunnleggeren av M4 Europe, skriver i

boka Master and Mission;

«Bare gjennom multiplikasjon kan livet gå videre til neste generasjon. Naturen selv er en demonstrasjon av dette. Vi forkynner evangeliet om Jesus Kristus. De som kommer til tro samles, og nye felleskap og menigheter skapes. Er det sant i naturen, er det også sant i den kristne menighet.»

Sammenhengen mellom menighetsplanting og vekst viser oss at de kirkesamfunn og organisasjoner som ikke planter menigheter og starter nye felleskap, opplever nedgang.

Augland trekker fram at hele den europeiske kirkehistorien viser oss at de kirkesamfunn og organisasjoner som ikke multipliserer seg ved å skape nye ledere og nye menigheter vil dø innen tre generasjoner. Vi må ikke glemme at Gud er generasjonenes Gud, Han er Abraham, Isak & Jakobs Gud.

I tilknytting til identitetsprosessen til Normisjon for ca. ett år siden ble det gjennomført spørreundersøkelser som gikk på å beskrive Normisjon. Det ordet som ble nevnt mest var; mangfold. Normisjon er en




Vi må heller spørre oss, hvem er ikke nådd med evangeliet?

mangfoldig organisasjon. Vi har i dag foreninger, leirsteder, Norkirker, barnehager og mye mer. Alle disse har en plass i Normisjon sitt store mangfold.

Hvorfor plante nye felleskap når det er mer enn nok plass i de som eksisterer i dag? Vi må heller spørre oss, hvem er ikke nådd med evangeliet? Med hvilken type forsamling kan vi nå dem? Vi kan ikke sitte å vente på at mennesker kommer til oss. Vi trenger nye menigheter slik at vi kan være med å gi Jesus Kristus til nye generasjoner.

UTLAND



Bijoj er i ferd med å avslutte studiene sine. Han er takknemlig for mulighetene han har fått.

Velsignet for å velsigne igjen

Tekst Amalie Holm
Foto Emilie Løvås Wang

Bijoj fullfører nå studier i Dinajpur. Stipend gjennom Normisjon har gjort dette mulig.

Bijoj Munmu (25) kommer fra en fattig familie på seks, og er eldst i søskenflokk. Selv om økonomien tidligere har vært ustabil, er den i dag betydelig bedre.

Familien har vært med å bidra til å finansiere utdanningen hans, men stipendet fra Normisjon har vært et nødvendig bidrag for Bijoj.

– I tillegg til økonomisk støtte gir stipend bekreftelse på at noen heier på deg, og dette motiverer meg, sier han.

Sitt første stipend fikk Bijoj allerede i sjette klasse, og han fikk da oppleve selv

hvor oppløftende dette var. Selv om beløpet var lite, ga det ham muligheten til å drømme større.

Da tiende klasse var bestått, økte stipendbeløpet og drømmen om et bedre liv kom enda nærmere.

I dag, åtte år senere, er han i ferd med å fullføre en generell bachelorgrad. Han har i tillegg en lærerjobb ved siden av som bidrar til å dekke utgiftene for studiet.

Fremtiden ser lys ut og Bijoj drømmer om å få en statlig jobb. Han forteller at slike jobber er bedre betalt.

Ønsket videre er å ta en master med fordypning i historie, noe som vil åpne opp for flere muligheter.

I tillegg til studiene er Bijoj ungdomsleder i sin kirkesektor.

– Håpet mitt er å inspirere ungdommer til å ta del i arbeidet som drives i lokale menigheter. Ungdommene spiller

en stor rolle i menighetene og det er også vår plikt å stille opp, sier Bijoj.

Muligheten til å bli ungdomsleder kom som en tilfeldighet inn i livet hans. Gud jobbet mye med Bijoj og fikk han til å innse at Gud også kan bruke han til å nå ungdom. Bijoj bestemte seg for å stille til valg som ungdomsleder og fikk drømmejobben.

Gjennom hardt arbeid og en sterk tro har Bijoj utviklet seg. Utdanning har skapt et godt grunnlag i livet hans, men mye av tiden bruker han sammen med ungdommene fra menigheten. Her får han uttrykke takknemlighet til Gud for alt han har fått, gjennom å være en velsignelse for andre.

– Det er en velsignelse, vil jeg si, sier Bijoj om sin rolle i arbeidet.

Story & Media

Team Story & Media fra Gå Ut Senteret besøkte tre land i Asia i løpet av sitt utenlandsopphold, og tilbrakte seks uker hver i Nepal, Bangladesh og Kambodsja.

Hele veien har David Einan, Bjørn Aron Rydland, Amalie Holm og Emilie Løvås Wang produsert tekst, bilder og video for Normisjon, og vært våre korrespondenter ute.

Du kan se mer av innholdet teamet har produsert på www.normisjon.no og tv.normisjon.no

Agenda 1 i Mali

Den siste uken i mars var det ny gjennomgang av Agenda 1 i Mali, og Therese Glen drange forteller om gode opplevelser under samlingen.

– En ting er at de fleste som kom på denne samlingen har vært med et par ganger før, så det var mindre usikkerhet. Men det var også en varme i fellesskapet som ikke bare kom av de høye temperaturene. Det var en sterk følelse av fellesskap og samholdighet, og det ble en veldig god samling.

Mali
Menighet og evangelisering i Mali
Prosjektnummer 401 011



FOTO: THERESE GLENDRANGE

Det er mye dans og glede på Agenda 1-samling!

Fremgang i Merdekan

– Blant noen av barna vi har jobbet med i flere år, ser vi mye positiv utvikling, også i det sosiale. Blant dem er en gruppe jenter, de fleste med cerebral parese, noen av dem er allerede tenåringer. Tidligere sloss de om oppmerksomheten, men de har nå utviklet gode sosiale og empatiske ferdigheter, samt kommunikasjonsferdigheter. Ingen av dem kan snakke rent, men de er blitt en venninnejeng som er glade i hverandre, forteller utsending Synnøve Aandstad Baghirova.

Aserbajdsjan
Helse i Aserbajdsjan
Prosjektnummer 301 007

Ny i ledelsen

Normisjons landsstyre har vedtatt å opprette en stilling ved felleskontoret som assisterende generalsekretær, og å ansette Ole Martin Rudstaden i denne stillingen. Han tiltrådte i stillingen 1. mai.

– Ole Martin kjenner organisasjonen vår godt, og har jobbet på flere plan i Normisjon gjennom mange år, sier landsstyreleder Hallgeir Solberg. – Vi er glade for at han har sagt ja til å gå inn i denne stillingen.

– Jeg gleder meg til å ta fatt. Jeg ser med glede på hvordan Acta og Normisjon utvikler seg og opplever en organisasjon som setter seg i stand til å drive misjon i dag og i framtiden, sier Rudstaden.



Bønneemner

INTERNASJONALT:

Aserbajdsjan

- Be for arbeidet som pågår med å skape nye, mer tjenelige strukturer innen Normisjons arbeid i Aserbajdsjan, for visdom, ledelse og innsikt
- Be for våre lokale ledere og medarbeidere i arbeidet i Aserbajdsjan
- Be for arbeidet som gjøres overfor barn og unge med funksjonsnedsettelse

Bangladesh

- Be for arbeidet ved Asiabasen
- Be for ungdomsfellesskapet i Dhaka

Bhutan

- Be for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Bhutan
- Takk og be for den voksende kristne kirke i Bhutan

Cuba

- Takk for oppstart av Agenda 1
- Be for prosessen videre for menighetene
- Be for CRED-leir i sommer (KRIK-leir)

Ecuador

- Be for Bibelinstituttet, og spesielt personalsituasjonen. At omstrukturering og svakare økonomi må møtast med kreativitet og handlekraft, slik at kyrkjene fortsatt kan få gode tilbud om kurs og leiaropplæring
- Be for Tamboskolen. Om godt samarbeid og gode løysinger møte med nye utfordringer og krav frå Utdanningskontoret

India

- Be om at flere skal få jobb utenfor de destruktive og farlige steinknuseverkene
- Be for ledelsen i vår samarbeidskirke i India

Kambodsja

- Takk Gud for fortsatt sterk vekst i Kambodsja. Over 15000 flere kristne. Samtidig er det registrert over 1000 nye huskirker de siste tre årene
- Be om at kirka må nå enda lenger ut med evangeliet om Jesus og at hver nykristen får mulighet til å ha kort vei til en huskirke. Vi ber om at enkle ord om Jesus, godhet og mirakler skal åpne enda flere hjerter for relasjon med Jesus
- Be om at ikke begrenset med penger må stoppe vår mulighet til å forvalte vekkelsen i Kambodsja

Mali og Senegal

- Be for alt det som er sådd av Guds ord. Be om at det må skape tro og forandre liv
- Be for bibeloversetterarbeidet. Be for klare hoder og gode øyne når teamet i løpet av året skal lese gjennom alle tekstene på nytt og sikre at alt er riktig
- Be for styrke gjennom varmetiden, om en god regntid og gode avlinger (juni – oktober)

- Be for oppstart av prosjektet «Ikke reis over havet». Be for en god inngang for de fire ansatte i prosjektet, at de må få gode kontakter i landsbyene og være redskap for endringer i lokalsamfunnet

- Be for teamet i Senegal. At Gud må lede dem til malinké-familier som er åpne og klare til å starte bibelgrupper

- Be for handikapforbundet som vi arbeider med i Senegal. Be om at de må klare å organisere seg, og at de må lykkes med produksjon av såpe og moringapulver, slik at de får inntekter

Midtøsten/Nord-Afrika

- Takk for de millioner av arabiske barn som regelmessig får høre om Jesus gjennom barnekanalen SAT-7 KIDS
- Be om at SAT-7s budskap om Guds kjærlighet kan skape forsoning der det råder hat og ufred

Nepal

- Takk for åpning av sykepleierskolen 8. april
- Be om helse og styrke for oss

REGIONER:

Agder

- Be om planting av nye fellesskap i Agder

Hordaland

- Be for realiseringen av misjons-senteret
- Be for Agenda 1-nettverket

Møre

- Be for ulike lag og foreninger i regionen. Be også for lederne deres

- Be for områdegryppene i regionen

- Be for stab og regionstyre

Nord

- Be om styrke og visdom for vår nye daglige leder og Actaleder
- Be for det nye regionstyret. Om arbeidsglede og visjon for arbeidet i nord
- Be om at leirstedene våre blir mye brukt til samlinger om Guds ord

- Be for Sommer i Nord 8.-11. august. Om Guds velsignelse over medhjelpere og deltakere – unge og gamle

Nordland

- Be for det nye regionstyret
- Be for forberedelsen av Sommer i Nord 2019

- Be for sommerstevnet i Helligvær og på Givvær

- Be om ny giv i restart av en forening

Oppland

- Be for situasjonen i region Oppland. For styret og om kloke valg

- Be for salgsprosessen rundt Kirketeigen

- Be for TotenCampen på Skjærgårds

- Takk og be for nyvalgt Actastyre

Rogaland

- Takk for et flott regionårsmøte
- Be for sommerleirene
- Be for 10:13-festivalen
- Be for seniorleiren

Sogn og Fjordane

- Be for sommerleirene på Fjordly og Teigen
- Be for Nordfjordsommer 2.-7. juli; Normisjon og KRIK sin friluftsfestival for hele familien

- Be for bygging av nye og eksisterende fellesskap og foreninger

- Be for arbeidet ved enhetene i regionen: folkehøgskolene, leirstedene, retreatstedet, hotellet og barnehagene

Telemark

- Be for det nye regionstyret og Actastyret som er valgt på vårens årsmøter. Be om visdom, oppfinnsomhet og krefter

- Be for sommerens leirer og forberedelsene til disse

- Be for de som på de siste leirene har tatt imot Jesus, at de må bli bevart og finne et fellesskap å vokse i

Trøndelag

- Takk og be for det nye regionstyret

- Ber for sommerens leirer
- Ber for elevrekruttering til Normisjons skoler i regionen

- Takk og be for de ansatte

Øst

- Be for utvikling av nye fellesskap i regionen

Østfold

- Takk for alt det frivillige arbeidet som utføres i Østfold
- Takk for god oppstart av leirsesongen
- Be om beskyttelse og velsignelse over sommerens leirer
- Be for planleggingen av vårens og sommerens leirer.

SENTRALT:

- Be for sommerens arrangementer
- Be for ny assisterende generalsekretær

ACTA SENTRALT:

- Be for alle sommerens små og store Acta-arrangementer
- Be for Kompis og Amigos
- Takk for en flott KonfCamp Etne og be for KonfCamp på Skjærgårds



Elever og lærere ved den nye skolen på åpningsdagen.

Ny skole

Tekst Kristin og Erik Bøhler

Foto Kristin og Erik Bøhler

Etter utallige møter og utsettelse ble sykepleierskolen i Okhaldhunga åpnet 8. april!

Høres ikke det flott ut? I over et år har vi arbeidet med å starte sykepleieskole her ved sykehuset. Og så ble det mer enn som så!

«Okhaldhunga School of Health Sciences» er det offisielle navnet på skolen, som foreløpig har bare ett studieprogram, og det er i sykepleie. Men, som navnet indikerer, vil det komme flere i årene framover, antagelig først en linje for Health Assistants, senere kommer laboratorietekniker-linje og andre.

Den 8. april 2019 ble skolen høytidelig åpnet. Alle de tjue studentene på første sykepleier-kull er kasteløse jenter som har fått så gode karakterer og kommer fra en så fattig bakgrunn at de har fått stipend av staten som dekker både studieplass, husrom og mat gjennom hele studieperioden på tre år. Til stede på åpningen var skolens nytilsatte

lærere, og ulike politiske og andre ledere i distriktet.

Åpningsfesten ble en stor feiring, med tradisjonell nepali sang og dans, som er med ved alle høytidelige anledninger.

Vår uoppslitelige direktør Tuk har mesteparten av æren for at sykepleierskolen nå endelig kan starte. Som vår lokale Harald Hårfagre hadde han latt hår og skjegg gro gjennom hele året. Han var ganske nedgrodd da han holdt åpningstale for skolen, men dagen etter viste han seg i ny og yngre versjon. Mange måneders innsats kronet med seier!

Første skoledag, dagen etter åpningsfesten, ventet tjue spente studenter ved pultene, og nesten like spente lærere for å presentere seg. Dette har vi ikke gjort før.

Historien om Florence Nightingale, som la grunnlaget for moderne sykepleie basert på erfaringer fra arbeidet med sårede soldater under Krimkrigen på 1850-tallet, er fremdeles en viktig inspirasjon for sykepleierne våre. Hennes portrett henger også på vår sykepleierskole.

Nepal
Sykehuset i Okhaldhunga
Prosjektnummer 306 002

NORGE

KRISTEN  DATE.NO



Norges
STØRSTE
møteplass for kristne
PÅ NETT OG MOBIL

www.kristendate.no



Test vår app!

Download on the App Store

GET IT ON Google play



Slik husker nok mange Minikoret. 28. september er det flere grå hår og færre fargede brilleglass når koret feirer sine femti år.

Minikoret 50 år!

Tekst Svein Granerud
Foto Ill.

Høsten 1969 startet Trond Andersen «Storsalens lille kor». I år feirer koret rundt år – og det skal feires med jubileumskonsert

Trond Andersen var ansatt som musikksekretær i Indremisjonselskapet i 1968, og i 1970 ble han lærer på den nyopprettede musikklinjen på Bibelskolen i Staffeldts gate. Dette var lenge før Normisjons tid, og det var Indremisjonsselskapet som både drev Bibelskolen og virksomheten i Storsalen. Den unge musikk læreren ville danne et kor som både kunne løfte den rike musikkarven i bedehustradisjonen og samtidig lansere det beste av det nye.

Navnet ble snart endret til Storsalens Minikor – i dagligtale Minikoret – og i flere tiår framover var Minikoret et begrep langt utover indremisjonens og bedehusfolkets rekker.

Det ble utallige besøk på bedehus og i kirker landet rundt og en rekke plateinnspillinger. Minikoret var faste gjester i Ønskekonserten og ofte benyttet i NRK's morgenandakt. På TV var de bl. a. med i programmet Tro og Liv. Trond

Andersens var en engasjert og inspirerende dirigent, og stod også for en rekke friske og nyskpende arrangementer. Det er ikke for mye sagt at Minikoret under hans ledelse brakte med seg en ny retning innen kristen sang og musikk. Den friske stilen, en smittende sangglede og høy kvalitet gjorde at mange dro lange veier for å høre Minikoret. Det var kø langt nedover Sven Bruns gate når Den Store stjerna sto på programmet i Storsalens adventkonsert.

Utover 80-tallet ble korets aktivitet etter hvert redusert, men helt fram til de siste årene har det vært holdt liv i koret med halvårlige samlinger.

Lørdag 28. september markeres 50-årsjubileet med en stor jubileumskonsert i Storsalen. Sangeren Gunstein Draugedalen og pianisten Jens Harald Bratlie opptrådte begge sammen med Minikoret i glansårene, og de er gjestesolister denne kvelden. Dirigent for koret er Arne Ness og Kjetil Bjerkestrand, og Jon Børge Askeland akkompagnerer. Konsertens konferansier er Helge Gudmundsen.

Dette vil bli et fint gjenhør og en god opplevelse for mange!

Alle hadde hørt om Minikoret.

Sommeren kommer!

Og med sommeren kommer Sommer i Sør 9.-14. juli!

Blant talerne på årets festival finner vi Imi-pastor Egil Elling Ellingsen, Elin Lind Fagerbakke som er leder for Kvinner i Nettverk og pastor i Salem misjonsmenighet, samt Andreas Nordli som leder Ungdom i Oppdrag Norge.

Mary Elizabeth Kolsrud med band leder lovsang gjennom hele uka, og fredag kveld kan man glede seg til konsert med Kristin Minde, som også hadde konsert på fjorårets festival.

Festivalgeneral Kristian Bjørkhaug lover en innholdsrik uke for store og små i Normisjonshallen i Grimstad!

Du kan lese mer og melde deg på på www.sommerisor.no.



FOTO: ADOBESTOCKVILL - HANNE LIV GRITTING
Sommer i Sør i Grimstad 9.-14. juli.

Kalender Sogn og Fjordane

Send inn tekst og bilete til neste nr. innan 12. august

VÅR/SOMMER 2019

ARRANGEMENT

HOLMELY

7.-9. juni: PINSERETREAT

«Snakk ærlig om livet – i styrke og svakhet» Leiarar: Eva og Rune Langseth. For folk under 50

13. juni kl. 18: BØN- OG LOVSONGSKVELD

Mat, lovsong, undervisning, kollekt

3.-7. juli: KELTSK RETREAT

Delvis taus retreat, v/ Brit Lundby Hilde og prest Øystein Frivold Pilegrimsvandring til Selja fredag + deltaking på Seljumannamesse I samarb. med Bjørvin bispedøme

8. juli - 4. aug.: SOMMARHOTELL

29. aug - 1. sept.: TEMAHELG

v/ Geir Otto Holmås

14. sept.: DAGSARRANGEMENT

med Rolf kjøde

26.-29. sept.: RETREAT

ved Marit og Audun Åse

BØNELUNSJ KVAR FREDAG

kl. 11.30 utanom skuleferiane I samarbeid med Fjordly Ta med niste. Alle er velkomne

Fleire arrangement på holmely.no

FJORDLY

23. mai: PENSJONISTTREFF

Kl. 13: middag, kl. 15: møte Påmelding innan 21. mai

21.-23. juni: MINILEIR 4 år-3.

klasse i følgje med vaksen Pris barn: 750,- Pris vaksen: 900,-

27.-30. juni: TWEENSLEIR

4.-7. klasse. Pris: 950,-

26.-28. juli: FAMILIELEIR

Prisar: 0-3 år 0,- / 4-11 år 820,- / 12-18 år 980 /vaksne 1430,- Maks familiepris: 4500,-

3.-7. aug.: TENLEIR

For ungdomsskule og vgs Pris: 1100,-

29. aug.: PENSJONISTTREFF

6.-8. sept.: NORDFJORD SOUL-TEENS

10. klasse og oppover Sjå info på side 10

26. sept.: PENSJONISTTREFF

29. sept.: STORSAMLING

Samarbeid regionen og Fjordly For alle aldrar og heile regionen

TEIGEN

7.-9. juni: AMIGOSLEIR

1.-4. klasse (1.kl. med følgje) Pris Barn: 720,- Pris vaksen: 900,-

14.-16. juni: TWEENSLEIR

5.-8. klasse. Pris: 720,-

Kom gjerne og ver frivillig på Teigen i sommar ei veke, bu gratis! Fleire arr. kjem, følg med.

INNVIK FJORDHOTELL

16.-20. sept.: «VI OVER 60»

Tale: Lars Sigmund Simonsen Song: Eva og Hans Gjesdal

20.-22. sept.: EKTEPARHELG

Arr.: Familiefokus i UiO Påmelding: Bodil & Olav Klungre, tlf. 915 60 402/971 66 131 e-post: bodil@klungre.no olav@klungre.no

28.-29. SEPT.: BIBELHELG V/NLM

3.-7. juli: NORDFJORDSOMMER

Nordfjord fhs. For heile familien. Normisjon Sogn og Fj. + KRIK

DNA-KVELDAR I FØRDE

26. mai, 1. sept og 20. okt

For alle som ønskjer eit kristent fellesskap. Stad: Førde bedehus

«SAMAN»

21. mai kl. 19: Første samling,

Betania på Nordfjordeid.

Datoar til hausten:

11. sept., 23. okt. og 4. des

Samlingar for foreiningar, lag og alle som vil vere med og bygge kristent arbeid/fellesskap. Sjå s. 4

TELEFONNUMMER OG ADRESSER

Normisjon region Sogn og Fjordane

Postboks 162, 6821 SANDANE
Tlf.: 57 86 63 49 Fax: 57 86 61 75
Opningstid: Tysd.-fred. kl. 8.30-15.30

Bankkonto nr. 3000.14.71186 (regionen)

Vipps: #15646

E-postadresse: sof@normisjon.no
www.normisjon.no/sof

Leiar for regionstyret:

Svein Ottar Sandal, tlf: 909 69 342
svein.sandal@invest.net

Region- og administrasjonsleiar:

Jesper Lemming, tlf. 902 29 018
jbl@normisjon.no

Fellesskapsutviklar:

Vegard Tennebo, tlf. 906 42 084
vegard.tennebo@normisjon.no

Regionarbeidar:

Ingebjørg Isane Fure, tlf. 920 31 219
iif@normisjon.no

Actaleiar:

Maria Dalsbø Tøsse, tlf. 920 46 349
mdt@normisjon.no
acta.sof@normisjon.no

Fellesskapsutviklar i Acta:

Stian Stokkebekk, tlf. 48 99 23 42
Stian.stokkebekk@normisjon.no

Ansvarleg redaktør for avisa:

Ingebjørg Isane Fure
Redaksjon: Tilsette på regionkontoret
Opplag: 1500

Teigen Leirstad

6940 EIKEFJORD, tlf. 57 74 81 48
E-post: teigen@normisjon.no
www.teigenleirstad.no
Bankkonto nr. 3775.20.63630

Fjordly Ungdomssenter

6711 BRYGGJA, tlf. 57 85 32 25
E-post: fjordly@normisjon.no
www.fjordly.no
Bankkonto nr. 3000.19.26310
Opprusting av hytter: 3000.25.40912

Holmely Omsorg og Retreat

6711 BRYGGJA, tlf. 57 85 34 25
E-post: holmely@normisjon.no
www.holmely.no
Bankkonto nr. 3000.14.72204

Nordfjord folkehøgskule

6823 SANDANE, tlf. 57 86 80 40
E-post: kontor@friluftslivskulen.no
www.friluftslivskulen.no
Bankkonto nr. 3000.15.28560

Sunnfjord folkehøgskule

6800 FØRDE, tlf. 57 82 99 60
E-post: kontor@sunnfjord.fhs.no
www.sunnfjord.fhs.no
Bankkonto nr. 3700.05.10034

Innvik Fjordhotel Misjonsheimen AS

6793 INNVIK, tlf. 57 87 49 90
E-post: post@innvikfjordhotell.no
www.innvikfjordhotell.no
Bankkonto nr. 3770.05.00935

Fjordly Barnehage

6711 BRYGGJA, tlf. 57 85 33 95
E-post: styrar@fjordly-barnehage.no

Ansvarlig redaktør for s. 5-7, 11: Sigrid Rege Gårdsvoll, tlf. 93684547, e-post: Sigrid.Rege.Gardsvoll@normisjon.no | Grafisk formgiver: H. L. Gyllander | Trykk: Agdertrykk | Det tas forbehold om endringer i kalenderene | Utk. 4 nr. pr. år



Innspill

Vegard Tennebo
Fellesskapsutviklar
vegard.tennebo@normisjon.no

Der to eller tre er samlet – også på andre måter

En klok misjonær sa til meg en gang: «Folk flest ser sjelden prinsippet bak aktivitetene, bare mønsteret til aktiviteten». Det betyr at vi ofte gjentar måten vi opplevde noe som fint på, uten vidare refleksjon over hva det var som var så fint. Slik kan vi noen ganger miste kontakten med vår kjernevirksomhets «hvorfor» fordi vi bare ser «hva» eller «hvordan».

Dette er en stor utfordring til oss som ønsker å gi Jesus Kristus til nye generasjoner og folkeslag. For tenk om de vi skal gi Han vidare til, er litt annerledes enn oss, har andre kulturelle preferanser og litt andre behov? Tenk om de ikke kjenner vårt interne språk eller forstår våre historiske koder?

I det internasjonale misjonsarbeidet vårt har dette vært selvsagt siden starten. Arbeidet med kulturforståelse, språk og historie har vært nødvendig for å finne ut hvordan vi kan formidle evangeliet inn i en annen kultur. Men det samme har ikke alltid vært like tydelig i indremisjonsdelen av vår virksomhet. Mon tro om ikke tiden er kommet til at også vi anvender misjonærens innsikter på vår egen lokale situasjon.

Mange foreninger opplever i dag motløshet: De kommer jo ikke, de unge, på våre misjons- og bønnemøter. Og så blir kanskje konklusjonen at «de er sikkert ikke så interessert».

Men det er de – de er veldig interessert – i hvorfor! Men jeg tror de ofte ikke forstår eller får helt tak på dette «hvorfor» i den småmøtekulturen vi i stor grad holder på med. Hva skal vi gjøre med det, folkens? Forslag: hold fast på hvorfor – vær fleksibel på hva og hvordan!



TRO

Andakt

Jesper Lemming |
Regionleiar Normisjon Sogn og Fjordane

Guds kraft til frelse

Jesus har gitt oss et oppdrag om å gjøre nye disipler. Hvordan gjør vi det? Jo, Bibelen forteller oss at det viktigste verktøyet vi skal bruke for å gjøre nye disipler er å snakke om evangeliet.

Det greske ordet «evangelion» betyr «godt budskap eller «gode nyheter». Det er gode nyheter vi er sendt ut for å fortelle folk, ikke dårlige nyheter.

I Markus kan vi lese om hvordan Jesus helt fra begynnelsen forkynte de gode nyhetene om Ruds rike: «Etter at Johannes var blitt fengslet, kom Jesus til Galilea og forkynte Guds evangelium og sa: Tiden er inne, Guds rike er kommet nær. Vend om og tro på evangeliet!»

Det Jesus startet, var en bevegelse av helt ordinære mennesker som ble fylt av Den Hellige Ånd og ga evangeliet vidare. Nå er det vi som skal fortelle naboen vår om Jesus og gjøre dem til disipler av ham. Helt avgjørende i denne sammenhengen er det å

forstå at det er Guds ord, Evangeliet som i seg selv har kraften til å gi mennesker et nytt liv! Evangeliet er Guds kraft til frelse!

Paulus proklamerer i Romerbrevet: «For jeg skammer meg ikke over evangeliet. Det er en Guds kraft til frelse for hver den som tror, jøde først og så greker. For i det åpenbares Guds rettferdighet av tro til tro slik det står skrevet: «Den rettferdige skal leve ved tro.»

I Jesus sin lignelse om Såmannen og såkornet er det såkornet, altså ordet om riket som i seg selv har kraft til nytt liv og vekst. Ordet har i seg selv kraft til å frelse mennesket!

Konsekvensen av dette er så enkel som at hvis vi ikke forkynner evangeliet for mennesker

som ikke tror, vil i utgangspunktet ingen bli frelst. Av og til tror vi at folk blir frelst bare vi har møter og diverse aktiviteter, så sitter vi å venter på at folk skal bli frelst av seg selv.

Paulus snakker om dette i Romerbrevet: «Men hvordan kan de påkalle en de ikke tror på? Hvordan kan de tro på en de ikke har hørt om? Og hvordan kan de høre uten at noen forkynner? Og hvordan kan de forkynne hvis de ikke er utsendt? Det står jo skrevet; Hvor herlig lyder fottrinnene av dem som bringer godt budskap!»

Vi må så kornet for å gjøre nye disipler. Vi må dele budskapet om Jesus Kristus, for troen kommer ved forkynnelse av evangeliet. Så derfor ut rikelig!

” Det er gode nyheter vi er sendt ut for å fortelle folk, ikke dårlige nyheter.